

800 færre heilt ledige i 2007

- Med ei arbeidsløyse som i snitt har vore 30 prosent lågare i 2007 enn i 2006 har utviklinga på arbeidsmarknaden vore svært god i 2007. Og tilgang ledige stillingar viser at etterspørselen etter arbeidskraft framleis er stor. I våre prognoser for 2008 ventar vi at den positive utviklinga fortsett, seier Olaug Flø Brekke, fylkesdirektør i NAV Møre og Romsdal.

Ved utgangen av desember var det 1.467 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Dette utgjør 1,2 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 24,2 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ei auke på 2,4 prosent i høve til sist månad. I desember var 552 personar på ulike arbeidsmarknadstiltak. Til saman gir dette ei brutto arbeidsløyse på 2.019 personar i fylket. Sesongjusterte tal på brutto arbeidsløyse gjekk ned med 50 personar i desember til 2.090. Arbeidsløysa blant menn i fylket er no 1,2 prosent medan den er 1,1 for kvinner. I snitt har det vore 800 færre heilt ledige i 2007 i høve til 2006.

I landet er det 38.885 heilt ledige. Dette utgjør 1,6 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 22,0 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ei auke på 1,2 prosent i høve til sist månad.

Størst nedgang i aldersgruppa 50-59 år

Siste år har aldersgruppa 50-59 år hatt størst nedgang i ledigheta kor det har blitt 32 prosent færre heilt ledige. Deretter følger aldersgruppene 30-39 år og 60 år og over med nedgang på hhv. 27 og 25 prosent. Sett i høve til arbeidsstyrken fordelt på alder så er det lågast arbeidsløyse blant 50-59 åringane med 0,8 prosent, medan arbeidsløysa er høgast i aldersgruppa 20-24 år med 1,9 prosent. NAV publiserte tidlegare denne veka ein artikkel om at 50-åringane er vinnarane på arbeidsmarknaden. Årsakene til dette er låg arbeidsløyse, dei er minst utsett for å bli arbeidsledig, og blant dei som blir ledig kjem 8 av 10 tilbake i jobb. Sjå www.nav.no.

Stor nedgang blant dei langtidsledige

Nedgangen blant dei langtidsledige har vore større enn den generelle nedgangen i fylket siste år. Det er no 29 prosent færre langtidsledige enn ved utgangen av desember i fjor. Dette tilsvarar ein nedgang på 100 personar. Nedgangen blant langtidsledige menn har vore litt større enn blant kvinnene. Menn har ein nedgang på 31 prosent medan den er 26 prosent for kvinnene. Langtidledige som er heilt ledig utgjør no ca 17 prosent av alle heilt ledige.

3.000 fleire stillingar i 2007

I 2007 blei det utlyst (i media eller meldt til NAV) 21.800 stillingar i Møre og Romsdal. Dette er 3.000 fleire stillingar enn i 2006, tilsvarande 17 prosent. Flest stillingar er utlyst innan helse, pleie og omsorg med 3.500, industriarbeid 2.800, butikk- og salsarbeid 2.100 og reiseliv og transport 2.050. Målt i prosent har auken i talet på utlyste stillingar i høve til 2006 vore størst innan ingeniør og ikt-fag med 37 prosent, deretter følger akademiske yrke med 31 prosent og leiarar med 30 prosent. Jordbruk, skogbruk og fiske og bygg og anlegg har nedgang i utlyste stillingar i 2007 i høve til 2006 med hhv. 30 og 12 prosent.

Forventningar for 2008

NAV Møre og Romsdal har for 2008 laga ei prognose for venta utvikling i den registrerte arbeidsløysa. Prognosen anslår eit snitt på 1.405 helt ledige personar i 2008, tilsvarande låge 1,1 prosent av arbeidsstyrken. Dette er i snitt 23 prosent (ca 430 personar) lågare arbeidsløyse pr. månad i 2008 enn i 2007. I 2007 har arbeidsløysa i snitt vore 30 prosent lågare enn i 2006. Nasjonalt er det venta ei snittarbeidsløyse på 1,5 prosent neste år (prognose NAV).

- Vi ventar framleis høg etterspørsel etter arbeidskraft i 2008, og saman med forventningar om lite permitteringar, få oppseiingar og låg tilgang av nye arbeidssøkarar vil det være ein stram arbeidsmarknad også neste år. Viktige oppgåver for NAV vil derfor være bistand innan oppkvalifisering og inkludering av arbeidskraftreservane, saman med å motivere personar som i dag er utanfor arbeidsstryka til igjen å bli ein del av denne, seier Flø Brekke.

NAV MØRE OG ROMSDAL


Postadresse: Serviceboks 14 Årøsdalen // 6405 Molde
Besøksadresse: Verftsgata 5 // 6405 Molde
Tlf: 70320900 // Faks: 70320901

For nærare opplysningar kontakt
Stig Lovde Janbu, tel. 70 32 09 55.

Neste frigjeving av statistikk om arbeidsmarknaden: 31. januar 2008.
Ved publisering av tal frå denne pressemeldinga skal NAV Møre og Romsdal
gjevast opp som kjelde.


Nedgang i ledigheta fordelt på yrkesbakgrunn

Nedanfor vises i prosent kor mykje talet på heilt ledige etter yrkesbakgrunn har endra seg i Møre og Romsdal frå desember 2006 til desember i år. Aukingane innan bygg og anlegg og akademiske yrke tilsvarar hhv. 5 og 2 personar.



Utvikling heilt ledige, ordinære tiltaksdeltakarar og yrkeshemma 2000 - 2007

Figuren nedanfor viser korleis utviklinga har vært for dei heilt ledige, ordinære tiltaksdeltakarar og yrkeshemma for perioden 2000 til 2007 (sesongjusterte tal). NAV si prognose anslår at arbeidsløysa skal ytterlegare ned i 2008.



Tabellar:**Talet på heilt ledige –
desember 2007**

Fylke	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
01 Østfold	1247	1176	2423	1,8 %	80	-470
02 Akershus	1600	1528	3128	1,1 %	95	-1325
03 Oslo	3674	2951	6625	2,2 %	154	-1668
04 Hedmark	846	737	1583	1,7 %	-19	-494
05 Oppland	629	526	1155	1,3 %	27	-218
06 Buskerud	1039	944	1983	1,4 %	24	-556
07 Vestfold	1017	920	1937	1,7 %	12	-271
08 Telemark	785	641	1426	1,7 %	-15	-429
09 Aust-Agder	456	408	864	1,7 %	-18	-232
10 Vest-Agder	594	575	1169	1,4 %	-5	-655
11 Rogaland	1142	1077	2219	1,0 %	-15	-724
12 Hordaland	1888	1687	3575	1,5 %	79	-1307
14 Sogn og Fjordane	270	207	477	0,9 %	5	-229
15 Møre og Romsdal	809	658	1467	1,2 %	35	-468
16 Sør-Trøndelag	1537	1287	2824	1,9 %	-52	-459
17 Nord-Trøndelag	724	543	1267	2,0 %	36	-141
18 Nordland	1356	999	2355	2,0 %	19	-633
19 Troms	857	491	1348	1,7 %	-14	-425
20 Finnmark	732	315	1047	2,8 %	25	-228
Riket	21202	17670	38872	1,6 %	453	-10932

**Talet på heilt ledige –
desember 2007**

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	81	39	120	0,9 %	13	-32
1503 Kristiansund	102	49	151	1,7 %	-3	-48
1504 Ålesund	163	146	309	1,4 %	6	-146
1511 Vanylven	11	16	27	1,5 %	6	-15
1514 Sande	6	6	12	0,9 %	-1	-5
1515 Herøy	16	23	39	0,9 %	-1	-30
1516 Ulstein	14	14	28	0,8 %	-5	-24
1517 Hareid	17	19	36	1,5 %	3	-12
1519 Volda	31	17	48	1,2 %	12	-7
1520 Ørsta	30	16	46	0,9 %	-6	-33
1523 Ørskog	4	7	11	1,0 %	0	-4
1524 Norddal	2	4	6	0,6 %	-1	-2
1525 Stranda	11	3	14	0,6 %	0	8
1526 Stordal	3	3	6	1,2 %	3	3
1528 Sykkylven	26	22	48	1,2 %	1	17
1529 Skodje	11	13	24	1,2 %	1	-4
1531 Sula	18	24	42	1,1 %	0	-14
1532 Giske	17	20	37	1,1 %	-2	8
1534 Haram	11	20	31	0,7 %	3	-11
1535 Vestnes	10	16	26	0,8 %	-6	6
1539 Rauma	31	28	59	1,6 %	4	17
1543 Nesset	16	3	19	1,3 %	2	-5
1545 Midsund	4	2	6	0,6 %	1	-2
1546 Sandøy	0	4	4	0,6 %	0	-1
1547 Aukra	8	4	12	0,7 %	-2	-3
1548 Fræna	25	20	45	0,9 %	1	-20
1551 Eide	11	10	21	1,2 %	7	-9
1554 Averøy	13	21	34	1,3 %	-1	-8
1556 Frei	20	13	33	1,2 %	-8	-24
1557 Gjemnes	9	4	13	0,9 %	-4	-13
1560 Tingvoll	13	5	18	1,2 %	3	-2
1563 Sunndal	27	18	45	1,2 %	0	-4
1566 Surnadal	22	21	43	1,5 %	14	-2
1567 Rindal	2	4	6	0,6 %	2	-6
1571 Halså	6	8	14	1,7 %	2	-7
1573 Smøla	10	6	16	1,5 %	-2	-11
1576 Aure	6	7	13	0,8 %	-1	-23
Justering*	2	3	5		-6	0
Sum	809	658	1467	1,2 %	35	-468

* Personar busett i kommunar i Møre og Romsdal men som er registrert ved NAV arbeid lokal i andre fylke.

NAV arbeid - distrikt

NAV Molde arbeid	186	122	308	1,1 %	14	-50
NAV Ørsta arbeid	61	33	94	1,0 %	3	-43
NAV Ulstein arbeid	61	78	139	1,1 %	3	-90
NAV Ålesund arbeid	269	267	536	1,2 %	12	-138
NAV Sunndal arbeid	79	58	137	1,2 %	24	-25
NAV Kristiansund arb.	153	100	253	1,4 %	-21	-122
Møre og Romsdal	809	658	1467	1,2 %	35	-468



Behaldning arbeidssøkarar i Møre og Romsdal ved utgangen av desember 2007

Tabell: Behaldning arbeidssøkarar fordelt på arbeidssøkerstatus ved utgangen av månaden.

#DIV/0! = nevner er null.

	Behaldning ved utgangen av desember 2007				Endring frå desember 2006			Endring frå des. 2006, %		
	Menn	Kvinner	I alt	1 % av arbeidsstyrken	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt
Møre og Romsdal										
Heilt ledige	809	658	1 467	1,2 %	-243	-225	-468	-23 %	-25 %	-24 %
- Langtidsledige	124	119	243	0,2 %	-57	-41	-98	-31 %	-26 %	-29 %
- Permitterte	48	7	55	0,0 %	7	-18	-11	17 %	-72 %	-17 %
Delvis ledige	295	741	1 036	0,8 %	-123	-334	-457	-29 %	-31 %	-31 %
- Permitterte	25	38	63	0,0 %	-10	-35	-45	-29 %	-48 %	-42 %
Ordinære tiltaksdeltakarar	278	274	552	0,4 %	-1	0	-1	0 %	0 %	0 %
Yrkeshemma	1 834	1 902	3 736	3,0 %	-134	-149	-283	-7 %	-7 %	-7 %
Andre arbeidssøkarar	46	36	82	0,1 %	-14	-2	-16	-23 %	-5 %	-16 %
SUM FYLKET	3 262	3 611	6 873	5,4 %	-515	-710	-1 225	-14 %	-16 %	-15 %
NAV Molde arbeid										
Heilt ledige	186	122	308	1,1 %	-8	-42	-50	-4 %	-26 %	-14 %
- Langtidsledige	24	22	46	0,2 %	-6	-6	-12	-20 %	-21 %	-21 %
- Permitterte	17	1	18	0,1 %	10	-5	5	143 %	-83 %	38 %
Delvis ledige	55	134	189	0,6 %	-33	-81	-114	-38 %	-38 %	-38 %
- Permitterte	1	9	10	0,0 %	-7	0	-7	-88 %	0 %	-41 %
Ordinære tiltaksdeltakarar	51	46	97	0,3 %	8	2	10	19 %	5 %	11 %
Yrkeshemma	427	387	814	2,8 %	-19	-61	-80	-4 %	-14 %	-9 %
Andre arbeidssøkarar	14	10	24	0,1 %	-3	2	-1	-18 %	25 %	-4 %
SUM	733	699	1 432	4,9 %	-55	-180	-235	-7 %	-20 %	-14 %
NAV Ørsta arbeid										
Heilt ledige	61	33	94	1,0 %	-21	-22	-43	-26 %	-40 %	-31 %
- Langtidsledige	6	11	17	0,2 %	-5	0	-5	-45 %	0 %	-23 %
- Permitterte	3	0	3	0,0 %	0	-2	-2	0 %	-100 %	-40 %
Delvis ledige	26	62	88	1,0 %	4	-14	-10	18 %	-18 %	-10 %
- Permitterte	1	0	1	0,0 %	1	-1	0	#DIV/0!	-100 %	0 %
Ordinære tiltaksdeltakarar	14	18	32	0,3 %	-11	-6	-17	-44 %	-25 %	-35 %
Yrkeshemma	159	174	333	3,6 %	-33	-24	-57	-17 %	-12 %	-15 %
Andre arbeidssøkarar	5	2	7	0,1 %	2	1	3	67 %	100 %	75 %
SUM	265	289	554	6,0 %	-59	-65	-124	-18 %	-18 %	-18 %
NAV Ulstein arbeid										
Heilt ledige	61	78	139	1,1 %	-60	-30	-90	-50 %	-28 %	-39 %
- Langtidsledige	12	14	26	0,2 %	-3	-7	-10	-20 %	-33 %	-28 %
- Permitterte	4	1	5	0,0 %	-2	-4	-6	-33 %	-80 %	-55 %
Delvis ledige	41	113	154	1,2 %	-23	-58	-81	-36 %	-34 %	-34 %
- Permitterte	4	16	20	0,2 %	-10	-30	-40	-71 %	-65 %	-67 %
Ordinære tiltaksdeltakarar	17	25	42	0,3 %	0	3	3	0 %	14 %	8 %
Yrkeshemma	181	241	422	3,2 %	10	4	14	6 %	2 %	3 %
Andre arbeidssøkarar	4	3	7	0,1 %	3	0	3	300 %	0 %	75 %
SUM	304	460	764	5,8 %	-70	-81	-151	-19 %	-15 %	-17 %
NAV Ålesund arbeid										
Heilt ledige	269	267	536	1,2 %	-99	-39	-138	-27 %	-13 %	-20 %
- Langtidsledige	46	47	93	0,2 %	-38	-13	-51	-45 %	-22 %	-35 %
- Permitterte	7	2	9	0,0 %	-6	-5	-11	-46 %	-71 %	-55 %
Delvis ledige	94	222	316	0,7 %	-41	-101	-142	-30 %	-31 %	-31 %
- Permitterte	12	6	18	0,0 %	4	0	4	50 %	0 %	29 %
Ordinære tiltaksdeltakarar	92	110	202	0,4 %	-10	9	-1	-10 %	9 %	0 %
Yrkeshemma	598	618	1 216	2,7 %	-20	-12	-32	-3 %	-2 %	-3 %
Andre arbeidssøkarar	17	13	30	0,1 %	-5	-7	-12	-23 %	-35 %	-29 %
SUM	1 070	1 230	2 300	5,1 %	-175	-150	-325	-14 %	-11 %	-12 %
NAV Sunndal arbeid										
Heilt ledige	79	58	137	1,2 %	-7	-18	-25	-8 %	-24 %	-15 %
- Langtidsledige	17	9	26	0,2 %	3	-2	1	21 %	-18 %	4 %
- Permitterte	6	2	8	0,1 %	3	2	5	100 %	#DIV/0!	167 %
Delvis ledige	26	67	93	0,8 %	-3	-22	-25	-10 %	-25 %	-21 %
- Permitterte	1	0	1	0,0 %	1	-2	-1	#DIV/0!	-100 %	-50 %
Ordinære tiltaksdeltakarar	33	15	48	0,4 %	0	-11	-11	0 %	-42 %	-19 %
Yrkeshemma	122	137	259	2,3 %	-35	-14	-49	-22 %	-9 %	-16 %
Andre arbeidssøkarar	1	4	5	0,0 %	-5	1	-4	-83 %	33 %	-44 %
SUM	261	281	542	4,8 %	-50	-64	-114	-16 %	-19 %	-17 %
NAV Kristiansund arbeid										
Heilt ledige	153	100	253	1,4 %	-48	-74	-122	-24 %	-43 %	-33 %
- Langtidsledige	19	16	35	0,2 %	-8	-13	-21	-30 %	-45 %	-38 %
- Permitterte	11	1	12	0,1 %	2	-4	-2	22 %	-80 %	-14 %
Delvis ledige	53	143	196	1,1 %	-27	-58	-85	-34 %	-29 %	-30 %
- Permitterte	6	7	13	0,1 %	1	-2	-1	20 %	-22 %	-7 %
Ordinære tiltaksdeltakarar	71	60	131	0,7 %	12	3	15	20 %	5 %	13 %
Yrkeshemma	347	345	692	3,8 %	-37	-42	-79	-10 %	-11 %	-10 %
Andre arbeidssøkarar	5	4	9	0,0 %	-6	1	-5	-55 %	33 %	-36 %
SUM	629	652	1 281	7,0 %	-106	-170	-276	-14 %	-21 %	-18 %
Landet										
Heilt ledige	21 207	17 678	38 885	1,6 %	-5 666	-5 255	-10 921	-21 %	-23 %	-22 %
- Langtidsledige	4 206	3 568	7 774	0,3 %	-2 027	-1 717	-3 744	-33 %	-32 %	-33 %
- Permitterte	651	205	856	0,0 %	-42	-112	-154	-6 %	-35 %	-15 %
Delvis ledige	7 239	13 704	20 943	0,9 %	-2 636	-5 261	-7 897	-27 %	-28 %	-27 %
- Permitterte	491	473	964	0,0 %	-142	-102	-244	-22 %	-18 %	-20 %
Ordinære tiltaksdeltakarar	5 048	5 094	10 142	0,4 %	-821	-379	-1 200	-14 %	-7 %	-11 %
Yrkeshemma	39 458	41 310	80 768	3,3 %	-3 264	-2 838	-6 102	-8 %	-6 %	-7 %
Andre arbeidssøkarar	896	821	1 717	0,1 %	-266	-315	-581	-23 %	-28 %	-25 %
SUM LANDET	73 848	78 607	152 455	6,2 %	-12 653	-14 048	-26 701	-15 %	-15 %	-15 %